

# Berbar datamaskin til elevar på VG1 i Sogn og Fjordane

---

Fylkestinget i Sogn og Fjordane har vedteke at alle elevar som tek til med vidaregåande opplæring i 2011 skal ha tilgang til berbar datamaskin.

## Du kan velje mellom 2 alternativ:

1. Dersom du har eiga maskin, kan du bruke denne. Maskina må tilfredsstille visse minimumskrav. Om du vel denne ordninga, får du ingen kostnader ut over kostnaden til maskina. Du vil få tilgang til dei same applikasjonane som elevar som vel fylkeskommunal pc.
2. Fylkeskommunen skaffar deg datamaskin med naudsynt programvare. Du betalar ein eigendel på kr. 890,- pr. år i tre år (gjeldande sats i 2011). Etter avslutta vidaregåande opplæring, overtek du maskina vederlagsfritt.

## Alternativ 1: Bruk av eiga maskin

Om du ynskjer å bruke di eiga maskin er det høve til det. Du må då ha ei maskin som oppfyller desse minstekrava:

- Berbar maskin som køyrer Windows, OSX (mac) eller Linux.
- Trådløst nettverk (minimum 802.11b)

## Alternativ 2: Kjøp gjennom fylkeskommunen

Alle elevar som vel alternativ 2 får tilbud om følgjande modell:

HP ProBook 4330s med Targus laptop skin (Neoprene)

- Windows 7 Home Premium Norsk
- Intel DC B810 1,8GhZ
- 13.3", 16:9 HD LED 1366x768 (Anti-glans) Display
- 1,96 kg
- 4 GB Memory 1333DDR3 (Utbyggbar til 8)
- 250G HD 5400RPM
- 5 i 1 minnekortlesar
- HD Webkamera (720P)
- HDMI, USB2, USB3, VGA
- NB: Ikkje optisk drev (DVD-lesar)



## Programvare

Alle elevar får tilgang til ei rekke program. Dei som vel alternativ 1, må installere dei sjølv frå nettstaden [www.sfj.no/elevpc](http://www.sfj.no/elevpc) . Dei som vel alternativ 2, får programvaren ferdig installert. (Ikkje alle desse programma kan leverast for Mac/ Linux)

- OpenOffice 3.2 (nynorsk)
- Evernote
- PDFCreator
- PDF SAM
- Adobe Acrobat Reader
- Firefox
- Microsoft Security Essentials
- VLC
- iFinger - ordbok
- Schockwave
- Flash
- Silverlight
- Java
- GeoGebra
- Kalkulator –ParAbel
- Gimp
- Paint.net
- Freemind
- Audacity
- Google Earth
- Google Sketchup
- Picasa
- Photostory
- FFDshow
- Wxmaxima

## MS Office

Maskinene vert leverte utan MS Office installert. Dette programmet kan du som elev kjøpe på skulen for ca. kr. 300,-. Dette gjeld alle elevar, også dei som vel å bruke si eiga maskin.

## Bestilling

Når du tek til på skulen, vil det vere eit lager med maskiner på plass. Dersom du ynskjer å nytte deg av tilbodet, må du signere ein kontrakt som vert levert ut på skulen ved skulestart. (Døme på denne kan lastast ned på [www.sfj.no/elevpc](http://www.sfj.no/elevpc) ) Kontrakta skal signerast og leverast attende til skulen innan 25. august. Du vil motta PC straks etter at avtala er signert. Vi kan risikere å måtte bestille inn fleire maskiner enn det vi har tilgjengeleg ved skulestart. Du må då vente i ca. 6 veker før maskina vert levert.

## Kontrakt

I kontrakten står alt du treng å vite om eigarforhold, ansvar mm. I denne brosjyren vil vi berre gå gjennom hovudpunkta her:

- Avtala varer frå du signerer kontrakten og til siste beløp er betalt.
- Kostnad for deg vert 890,- pr. år. i 3 år. (Satsen på 890,- kr. kan auke år 2 og 3)
- Du overtek maskina utan kostnad når siste beløp er betalt
- Maskina har 3 års garanti med forsikring som dekkar uhell ut over dette.
- Maskina skal handsamast forsvarleg, du er sjølv ansvarleg for drift og vedlikehald.

